

Møtebok for Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Saksnummer: osl/11/18
Innkallingsdato: 23. nov 2018
Møtedato: 28. nov2018
Møtestad: Strandebarm kyrkjelydshus
Møtetid: 15.15 til 17.00

Medlemer tilstades på møtet: 7 Hans Atle Soldal
Ingvill Sørheim
Roar Strømme
Olav Tombre
Eva Oppen
Kristian Neteland
Odd Øygarden

Varamedlemer tilstades:

Meldt forfall: 3 Heidi Sandven Botnen
Ida Lindø
Oddvar Ulltang

Andre: Olav Skeie Lid, sekretær

Møteleiar: Hans Atle Soldal

Saker som vart drøfta: Sak 42/18 til og med sak 49/18.

Sak 42/18 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 3. oktober 2018 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Eva Oppen og Ingvill Sørheim

Sak 43/18 Meldingar

Samrøystes vedtak: Kyrkjeleg fellesråd i Kvam tek framlagde meldingar til vitande.

Sak 44/18 Budsjett 2019

Samrøystes vedtak: Endeleg budsjett for 2019 for kyrkjeleg fellesråd i Kvam vert å koma attende til i første møtet i 2019, når alle faktorar er kjende.

Sak 45/18 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet for 2019

Ved skriftleg votering vart resultatet slik:

Leiar for 2019: Hans Atle Soldal, vald med 7 røyster.

Nestleiar for 2019: Odd Øygarden, vald med 7 røyster.

Sak 46/18 Møtekalender våren 2019

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande møtedatoar for våren 2019:

Onsdag 16. januar 2018 kl 15.15 (vedlikehaldsplan, budsejtt, strategiplan mm)

Onsdag 13. mars 2018 kl 15.15 (årsmelding, revisjon mm)

Onsdag 22. mai 2018 kl 15.15 (tertialrapport, mm)

Sak 47/18 & 48/18 Stillingsomtale for kateket og diakon

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege bed om stillingsomtale for kateket og diakon vert sett på samla, og vert så likelydande som råd. Stillingsomtalane må også utarbeidast slik at dei utfyller og ikkje dupliserer Tenesteordning for desse stillingane. Kyrkjeverje Olav Skeie Lid og sokneprest Roar Strømme får i oppgåve å gjera dette arbeidet, og koma attende til fellesrådet med saka.

Sak 49/18, Namna minnelund, vidareføring og prioritering av prosjekt

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner skisser til namna minnelund for Norheimsund og Øystese kyrkje, og bed kyrkjeverja arbeida vidare med prosjekta, både planarbeid og finansiering. Prosjektet ved Norheimsund kyrkje skal ha prioritet. Kvam kyrkjelege fellesråd skal ha saka attende før det vert gjort endelege vedtak kring iverksetjing.

Sak 50/18 Leiarløn for kyrkjeverje

Samrøystes vedtak:

Møtet vart lukka, og sakspapira er unnateke offentleg innsyn.